



Prop. 109 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i inndelingslova

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet 12. april 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

1.1 Framlegga i proposisjonen

I denne proposisjonen gjer Kommunal- og regionaldepartementet framlegg om endringar i lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova).

Departementet foreslår at Kongen skal kunne flytte inntil éin kommune til eit anna fylke, utan å leggje saka fram for Stortinget.

Departementet foreslår at definisjonen av ”deling” i § 3 andre ledd blir endra slik at dette omgrepet omfattar dei tilfella der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke. Alle føresegnene for ”deling” blir dermed gjorde gjeldande for denne prosessen.

Der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke, skal det opprettast ei fellesnemnd. Fylkesmannen skal kalle saman til eit fellesmøte for kommunestyret i den kommunen som skal slutte å eksistere, og kommunestyra i dei kommunane som dei einskilde delane skal leggjast til. Tilsvarende får departementet ansvar for å kalle saman til fellesmøte for fylkestinga.

I proposisjonen foreslår departementet at fellesnemnda òg skal førebu den fireårige økonomiplanen det første året etter samanslåinga, ikkje berre det første budsjettet. Det same gjeld der ein

kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.

Departementet foreslår at medan samanslåinga blir greidd ut, kan staten gjere lovlegkontroll av budsjettet. Det same gjeld medan det blir greidd ut om ein kommune eller eit fylke skal bli delt, og dei einskilde delane skal bli lagde til andre kommunar eller fylke.

Departementet foreslår òg at fellesnemnda kan få fullmakt til å føre vidare deltaking i eit interkommunalt samarbeid om revisjon eller ein avtale med ein annan revisor. Det same gjeld kontrollutvalssekretariatet. Vedtak skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala.

1.2 Vurdering av om det skal vere nødvendig med 2/3 fleirtal for å endre talet på kommunestyrerepresentantar

Den 6. september 2010 sende departementet ut på høyring framlegg om mellom anna å lovfeste eit krav om 2/3 fleirtal for å endre talet på kommunestyrerepresentantar. På bakgrunn av høyringsnotatet kom departementet i Prop. 49 L (2011–2012) med framlegg til endringar i kommunelova. Om framlegget om at endringar i talet på kommunestyrerepresentantar må avgjerast med 2/3 fleirtal, sa departementet at det ville kome tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Eit fleirtal av høyringsinstansane gjekk imot framlegget om at endringar i talet på kommunestyrerepresentantar må avgjerast med 2/3 fleirtal.

Departementet meiner det bør leggast avgjerande vekt på at det var relativt stor motstand mot framlegget, og vil difor ikkje føreslå å innføre eit slikt krav.

2 Generelt om framlegga og høyringa

2.1 Innleiing

Det er ti år sidan inndelingslova tredde i kraft, og vi har fått erfaringar med lova. Siktemåla med framlegga i proposisjonen er å sikre at lova fungerer best mogleg, og at lova legg til rette for smidige og oversiktlege prosessar i samband med eventuelle samanslåingar på tvers av fylkesgrenser.

2.2 Høyringa

Høyringsnotatet frå Kommunal- og regionaldepartementet blei sendt ut på høyring 26. juni 2012, med høyringsfrist 10. oktober 2012.

Notatet blei sendt på høyring til desse instansane:

Departementa
Statsministerens kontor
Kommunane
Fylkeskommunane
Fylkesmennene
Registrerte politiske parti

Akademikerne
Arbeids- og velferdsdirektoratet
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Barneombodet
Datatilsynet
Delta
Den norske Dommerforening
Den norske kyrkja
Den norske legeförening
Den norske Revisorforening
Den norske tannlegeforening
Direktoratet for arbeidstilsynet
Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)
Direktoratet for naturforvaltning
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
Direktoratet for økonomistyring
Distriktenes energiförening
Elevorganisasjonen
Energi Norge
Fagforbundet i Norge
Fellesforbundet

Finansforbundet
Finansnæringsens Arbeidsgiverforening
Finansnæringsens Hovedorganisasjon
Finanstilsynet
Forbrukarombodet
Forbrukarrådet
Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring
Foreldreutvalet for grunnskolen
Forum for kontroll og tilsyn
Friluftsrådernes landsforbund
Funksjonshemmedes fellesorganisasjon
Handelshøgskolen BI
Helsedirektoratet
Høgskolen i Oslo
Innovasjon Noreg Hovudkontoret
Klima- og forureiningsdirektoratet
Kommunal Landspensjonskasse
Kommunalbanken AS
Konkurransetilsynet
KS (Kommunesektoren sin arbeidsgivar- og interesseorganisasjon)
KS Bedrift
Landsorganisasjonen i Norge
Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjonar
Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar
Likestillings- og diskrimineringsombodet
Longyearbyen lokalstyre
Mattilsynet
Medlemmene i overskjønsmemnda
Medlemmene i skjønsmemnda
Nasjonalföreningen for folkehelsen
Nasjonalt folkehelseinstitutt
NITO
Noregs forskingsråd
Noregs handelshøgskole NHH
Noregs vassdrags- og energidirektorat
Norges Handikapforbund
Norges idrettsforbund
Norges Juristforbund
Norges Kommunerevisorforbund
Norges kulturvernforbund
Norsk Forening for Bolig- og Byplanlegging
Norsk journalistlag
Norsk Kommunalteknisk Forening
Norsk Pasientforening
Norsk Presseforbund
Norsk Psykologforening
Norsk Redaktørförening
Norsk Rådmannsforum
Norsk Sykepleierforbund
Norske autoriserte regnskapsføreres förening
NORVAR
NTNU

Næringslivets Hovedorganisasjon
 Pensjonistforbundet
 Private barnehagers landsforbund
 Riksantikvaren
 Riksarkivet
 Riksrevisjonen
 SAFO
 Samarbeidsrådet for yrkesopplæring
 Sámediggi – Sametinget
 SIVA – Selskapet for industrivekst SF
 Sivilombodsmannen – Stortingets ombodsmann
 for forvaltninga
 Skattedirektoratet
 Sparebankforeningen
 Statens helsetilsyn
 Statens kartverk
 Statens Pensjonskasse
 Statens vegvesen
 Statistisk sentralbyrå
 Sysselmannen på Svalbard
 Toll- og avgiftsdirektoratet
 Unio
 Universitetet for miljø- og biovitenskap
 Universitetet i Agder
 Universitetet i Bergen
 Universitetet i Oslo
 Universitetet i Stavanger
 Universitetet i Tromsø
 Utdanningsdirektoratet
 Utdanningsforbundet
 Utlendingsdirektoratet
 Vellenes Fellesorganisasjon
 Verdipapirfondenes forening
 Virke
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Det kom inn 45 høyringsfråsegner, 25 av dei utan merknader og 20 med merknader. Spørsmålet om inntektsfordeling ved grensejustering og deling av kommunar med store kraftinntekter er det spørsmålet flest høyringsinstansar har hatt ei meining om. I høyringa kom det også nokre innspel til problemstillingar som låg utanfor rammene av høyringsnotatet, til dømes kommunestruktur. Desse innspela er ikkje nærare handsama i proposisjonen.

3 Grensejustering og deling av kommunar med store kraftinntekter

3.1 Gjeldande rett

Ved grensejustering og deling skal det gjennomførast eit økonomisk oppgjer mellom kommunane. I utgangspunktet skal kommunane på eiga hand prøve å kome fram til ein avtale, men dersom dei er usamde, kan dei be Fylkesmannen om rettleiing, jf. inndelingslova § 18 første ledd. Dersom kommunane ikkje blir samde, blir det økonomiske oppgjeret fastsett av ei fast skjønnsnemnd oppretta av departementet, jf. § 18 andre ledd.

Hovudregelen etter § 19 første ledd er at eigedomsretten til "vegar, gater, bruer, offentlege plassar og annan forvaltningseigedom som fullt ut eller i svært stor grad tener vedkomande område", skal overførast i tråd med grenseendringa. Det gjeld òg bygningar.

Etter § 19 andre ledd kan skjønnsnemnda fordele eller påby at kommunane i fellesskap skal nytte "annan eigedom". Det følgjer av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) Om lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) at skjønnsnemnda berre unntaksvís kan påby deling av ein eigedom som ikkje følgjer grunnen, slik andre ledd opnar for.

Dersom ein kommune eller ein fylkeskommune blir vesentleg svekt økonomisk etter ei grensejustering eller deling, kan skjønnsnemnda tilkjenne erstatning der dei ser det som rimeleg, jf. § 21. Erstatningsregelen blir omtalt som ein trygginguventil, og det er ikkje meininga at det skal vere spørsmål om erstatning i alle saker, jf. Ot.prp. nr. 41 (2000–2001).

Departementet si fullmakt etter § 17

For å gjennomføre vedtak om samanslåing, deling og grensejustering kan Kongen etter inndelingslova § 17 første ledd gje nærare reglar. Etter andre ledd kan Kongen gjere unntak frå gjeldande lover og forskrifter. Denne fullmakta er delegert til departementet i saker om grensejustering. Førsegna set rammer for kva unntak som kan gjerast frå lov og forskrift. For det første må unntaket vere naudsynt for at ein skal kunne gjennomføre ei vedteken grensejustering, dvs. for at sjølve iverksetjinga av grensejusteringa skal kunne gå greitt. For det andre er førsegna tydeleg på kva typar reglar det kan gjerast unntak frå, jf. bokstav a–d. Inndelingslova gjev ikkje departementet heimel til å gjere vedtak om unntak frå reglar for å

dempe dei økonomiske konsekvensane av ei grensejustering.

Inntekter som har interesse ved spørsmål om økonomisk oppgjer ved grensejustering og deling av kommunar med store kraftinntekter, er inntekter av konsesjonskraft, konsesjonsavgift, naturressursskatt og eigedomsskatt på kraftanlegg.

3.2 Bakgrunn

Departementet avlo i mars 2011 ein søknad om grensejustering mellom Vaksdal og Modalen kommunar (overflytting av Eksingedalen og Eidslandet til Modalen). I vedtaket signaliserte departementet at det var behov for å sjå på reglane om økonomisk oppgjer i inndelingslova.

I Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) om inndelingslova meinte departementet at spørsmåla som knyter seg til mellom anna inntekter frå kraftsektoren, ikkje var eigna for rettsleg regulering, men best kunne løysast i konkrete saker.

3.3 Høyringsnotatet

Noko av bakgrunnen for framlegga om regulering av dei økonomiske oppgjeret er at initiativretten etter § 8 skal vere reell også for innbyggjarar i område med store naturressursar.

I høyringsnotatet skreiv departementet at eit alternativ er å gjere det økonomiske oppgjeret meir føreseieleg når det gjeld inntekter knytte til produksjon av elektrisk kraft, og samstundes leggje til rette for ei tilpassing til nytt inntektsnivå for kommunane. Departementet la òg vekt på at fordelinga av inntektene og overgangsordninga skal oppfatast som rettferdig.

I høyringsnotatet blei det peika på tre alternativ når det gjeld å løyse det økonomiske oppgjeret ved grensejustering og deling av kommunar med store kraftinntekter:

- a. oppretthalde dagens avtalefridom med høve til handsaming i skjønnsnemnd ved usemje
- b. utvide fullmakta departementet har etter inndelingslova § 17, slik at departementet får fullmakt til å fastsetje ei overgangsordning for ein avgrensa periode
- c. utarbeide ei ny forskrift som regulerer korleis kraftinntekter skal fordelast ved grensejustering og deling

Departementet bad vidare om synspunkt på om overgangsordninga etter b og c bør vere på fem eller ti år.

Det første alternativet var å føre vidare gjeldande rett. Då har kommunane avtalefridom, og

skjønnsnemnda kan fastsetje oppgjeret dersom kommunane ikkje blir samde.

Det andre alternativet var å gje departementet utvida fullmakt til å fastsetje ei overgangsordning for visse typar inntekt ved grensejustering og deling. Framlegget i høyringsnotatet var:

”Når det blir rekna som nødvendig ut frå omsynet til dei økonomiske konsekvensane for kommunane eller fylkeskommunane i samband med grensejustering og deling, kan Kongen heilt eller delvis utsetje overgangen av rettane til konsesjonskraft, konsesjonsavgift, naturressursskatt og eigedomsskatt på kraftanlegg, i inntil fem år.”

Det tredje alternativet var å detaljregulere i forskrift ei fordeling og overgangsordning med kompensasjon for visse typar inntekt ved grensejustering og deling.

Framlegget til forskrift i høyringsnotatet gjekk ut på at naturressursskatten (som inngår i inntektsutjamninga i inntektssystemet) og konsesjonsavgifta (som inngår i kraftfond til utbygging av næringslivet) går over til den nye kommunen samtidig med grensejusteringa. Den kommunen som tek imot kommunedelen, skal betale ein kompensasjon til den kommunen som gjev frå seg delen. Kompensasjonen skal i utgangspunktet trappast ned over fem år. Konsesjonskrafta blir verande udelt i fem år i kommunen som må gje frå seg området.

Høyringsinstansane fekk òg høve til å kommentere om ei overgangsordning etter alternativ b og c i staden burde vere på ti år.

Departementet peika i høyringsnotatet på at gjeldande rett med avtalefridom fører til uvisse om dei økonomiske konsekvensane, noko som inneber at terskelen for å gjennomføre grensejustering eller deling kan vere høgare i område som utløyser kraftinntekter til kommunen, enn i andre område. Dermed kan konsekvensane bli at grenseendringar som kommunane og innbyggjarane elles ville ha gått inn for, ikkje blir gjennomførte.

Tanken bak forskrifta er at terskelen for grensejustering og deling av kommunar som utløyser kraftinntekter, blir senka dersom dei økonomiske konsekvensane er føreseielege og i så stor grad som mogleg rettferdige.

Framlegget til forskrift la opp til at kommunane ikkje kan avtale noka anna fordeling enn forskrifta krev, til dømes ei lengre overgangsordning. Omsynet til avtalefridomen for kommunane taler dermed imot ei slik løysing.

Etter forskrifta skal ikkje alle ulikskapar mellom kommunane jamnast ut. Dei økonomiske utslaga i den kommunen som gjev frå seg ein del, er avgjerande. Det blir berre tale om kompensasjon der tapet for den kommunen som gjev frå seg ein del, er på 300 kroner eller meir per innbyggjar.

Forskrifta avgrensar ikkje fridomen skjønnsnemnda har når det gjeld å tilkjenne erstatning etter inndelingslova § 21, anten tilfella er omfatta av forskrifta eller ikkje.

Departementet fremja eit alternativ der departementet kan fastsetje ei fordeling av kraftinntektene i ein overgangsperiode. Departementet skriv i notatet at dei har lagt vekt på å gje ei dekkjande regulering av det økonomiske oppgjeret utan vid kompetanse til å utøve skjønn hos Fylkesmannen eller departementet.

Det blei peika på at ei ulempe med dette alternativet er at staten kan bli trekt inn i forhandlingane mellom kommunane. Ei anna ulempe det blei peika på, er at departementet ikkje er spesielt eigna til å avgjere konkret korleis økonomiske gode og byrdar bør fordelast mellom kommunane. Ein meir domstolliknande prosess, som i skjønnsnemnda, eignar seg betre. Departementet peika vidare på at dersom prosessane blir krevjande, kan konsekvensen bli at grenseendringar som kommunane og innbyggjarane elles ville ha gått inn for, ikkje blir gjennomførte.

3.4 Høyringa

Spørsmålet om inntektsfordeling etter saker om grensejustering av kommunar med store kraftinntekter var det punktet flest høyringsinstansar hadde meiningar om. Eit fleirtal av dei som uttalte seg, meinte at dagens avtalefridom burde først vidare. Ingen høyringsinstansar har slutta seg til alternativet med ei utvida fullmakt for departementet. Alternativet med ei eiga forskrift har fått tilslutning frå fire høyringsinstansar. To høyringsinstansar meiner at alternativet med ei utvida fullmakt for departementet vil føre med seg så store ulemper at det ikkje bør innførast, medan dei stiller seg opne for dei to andre alternativa.

Somme høyringsinstansar har kome med eigne framlegg til løysing av spørsmålet om økonomisk oppgjer ved store kraftinntekter.

Hordaland fylkeskommune skriv i fråsegna si at spørsmålet om fordeling av kraftinntekter etter grensejusteringar må greiast ut ytterlegare og meir i detalj. Dei skriv at fram til ei slik utgreiing ligg føre, må ein oppretthalde dagens ordning med avtalefridom. Dei meiner vidare at det bør leggjast inn ei ordning med kompensasjon for fyl-

keskommunar som ved samanslåingar mistar inntekter frå konsesjonskraft.

Dei som støttar dagens avtalefridom, peikar særleg på at ei ordning med forskrift manglar den fleksibiliteten som ligg i dagens ordning, og at kommunane mistar avtalefridomen. *Landssamanlutninga av Vasskraftkommunar (LVK)* peikar på at det er uvisst om framlegget vil gje ein smidigare prosess, og at ordninga kan føre til at færre kommunar ynskjer grensejusteringar og deling. Dei uttaler vidare at framlegget i liten grad er samordna med gjeldande regelverk om skatt og konsesjon.

LVK uttaler:

”Etter LVKs syn vil forskriften kunne føre til at færre kommuner ønsker grensejustering og deling. Det vil i tilfelle være i strid med departementets uttalte formål om å senke terskelen for grensejusteringer og deling.”

KS peikar i høyringsnotatet på at ei forskrift kan føre til at det økonomiske oppgjeret blir meir føreseieleg, men skriv vidare:

”Dersom en slik forutsigelig overgangsordning i de fleste tilfeller vil bidra til en smidigere prosess, er ikke KS prinsipielt mot en slik løsning. Det er imidlertid vanskelig å si med sikkerhet om det generelt vil bidra til en vesentlig smidigere prosess. Etter en avveining av de kryssende hensyn som gjør seg gjeldende er det KS's oppfatning at den fleksibilitet som ligger i dagens ordning er å foretrekke.”

På denne bakgrunnen konkluderer *KS* med at dagens ordning med avtalefridom bør først vidare.

Dei høyringsinstansane som støttar alternativet med forskrift, peikar på at forskrifta vil føre til at dei langsiktige økonomiske konsekvensane av grenseendringar blir meir føreseielege, og at ei forskrift kan senke terskelen for grensejusteringar.

Advokatforeningen og Justis- og beredskapsdepartementet hadde ingen merknader til sjølve innretninga av det økonomiske oppgjeret, men peikar på at det er uklart om dagens føresegn eller framlegga til føresegner i høyringsnotatet gjev heimel for forskrifta. Dersom alternativet med forskrift blir valt, har *Advokatforeningen* eit framlegg til føresegn som heimel for overgangsordninga: ”Kongen kan gi særlige regler om fordeling av kraftinntekter i en overgangsperiode.”

3.5 Vurderinga til departementet

Departementet meiner at ein ikkje bør velje alternativet med utvida fullmakt for departementet. Framlegget har ikkje fått tilslutning blant høyringsinstansane, og fleire høyringsinstansar har uttalt at alternativet er uheldig. Eit fleirtal (seks høyringsinstansar) av dei som har uttalt seg om spørsmålet, vil føre vidare dagens avtalefridom. Dei legg mellom anna vekt på at det er uheldig å overstyre avtalefridomen til kommunane, og at forskrifta gjev mindre fleksibilitet.

Departementet har kome til at ein bør leggje stor vekt på omsynet til avtalefridomen for kommunane. Både KS og LVK ynskjer å føre dagens avtalefridom vidare, og departementet vil òg trekkje fram at det er ein føremon om ein kan oppretthalde ei kjend ordning. Departementet gjer difor i proposisjonen ikkje framlegg om endringar i føresegnene om det økonomiske oppgjeret ved grensejustering og deling av kommunar med store kraftinntekter.

4 Samtidig deling og samanslåing

4.1 Gjeldande rett

Inndelingslova regulerer ikkje i dag særskilt prosessen når ei eining sluttar å eksistere og delane blir lagde til andre kommunar eller fylke. I dagens regelverk blir slike prosessar handsama som ei rekkje grensejusteringar. I samband med arbeidet med forvaltningsreforma blei departementet merksam på at det er behov for meir utfyllande reglar for slike saker. Inndelingslova krev ikkje at det skal haldast fellesmøte mellom kommunestyra eller fylkestinga. Lova krev heller ikkje at det skal opprettast ei fellesnemnd, og seier ikkje noko om kven som skal nemne opp medlemmer til nemnda.

Inndelingslova har berre éi føresegn som regulerer tilhøve der ei eining sluttar å eksistere og delane blir lagde til andre kommunar eller fylkeskommunar. Av § 20 første ledd følgjer at dersom ein kommune eller eit fylke blir delt og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar eller fylke, skal § 19 første ledd gjelde for forvaltningseigedom som fullt ut eller i svært stor grad tener eitt bestemt område.

Etter § 19 første ledd skal eigedomsretten til "vegar, gater, bruer, offentlege plassar og annan forvaltningseigedom som fullt ut eller i svært stor grad tener vedkomande område", overførast i tråd med grenseendringa.

4.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet blei det peika på at når ei grenseendring fører til at ein kommune eller fylkeskommune sluttar å eksistere, er det tale om meir enn ei grensejustering. Prosessen kring ei så fundamental endring bør regulerast i lova.

Høyringsinstansane fekk invitasjon til å seie kva dei meinte om å definere i lova den situasjonen der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar eller fylke, og om nyordet "splittspleising" kunne brukast som nemning på denne situasjonen.

Departementet føreslo i høyringsnotatet at fullmakta til å ta avgjerd om splittspleising skal vere den same som for deling. Søknad om å setje i gang splittspleising kan berre fremjast av kommunestyret eller fylkestinget i dei kommunane eller fylkeskommunane endringsframlegget gjeld.

Departementet ynskte vidare synspunkt på eit framlegg om at Fylkesmannen skal kalle saman til eit fellesmøte for kommunestyret i den kommunen som sluttar å eksistere, og kommunestyra i kvar av dei kommunane som dei einskilte delane skal leggjast til. Tilsvarande får departementet ansvar for å kalle saman til fellesmøte for fylkestinga. Det blei vidare føreslått at det skal opprettast ei fellesnemnd ved splittspleising.

Departementet la i høyringsnotatet til grunn at innbyggjarane i kommunen eller fylkeskommunen som skal delast og leggjast til andre kommunar eller fylkeskommunar, ynskjer å påverke prosessen på same måte som ved samanslåingar. Det blei gjort framlegg om at føresegnene om konstituering og lovlegkontroll i inndelingslova §§ 26 og 27 og kapittel IV og V om gjennomføring av det økonomiske oppgjeret blir gjorde gjeldande for splittspleising. Det same blei føreslått å gjelde for § 15 om delvis kompensasjon for eingongskostnader.

4.3 Høyringa

Fleire høyringsinstansar meiner det er positivt å få føresegn om prosessen der ei eining sluttar å eksistere og delane blir lagde til andre kommunar eller fylke. Ingen har uttalt seg mot framlegga til ei nærare regulering av prosessen.

Berre éin høyringsinstans har uttalt seg kritisk til nemninga "splittspleising". Fleire har uttalt seg positivt.

KS uttaler:

”Ordet splittspleising beskriver på en treffende måte den realitet det er tale om, og er etter KS’s oppfatning et språklig sett godt uttrykk.”

4.4 Framlegget frå departementet

Etter ei nærmare vurdering ønskjer departementet likevel ikkje å innføre nyordet ”splittspleising”. Ordet er heilt nytt, og departementet har kome til at det kan vere tvil om ordet på ein dekkjande måte seier noko om kva slags prosess dette handlar om.

Departementet meiner at definisjonen i § 3 om ”deling” i staden bør endrast, slik at dette omgrepet òg omfattar prosessen med å dele ein kommune eller eit fylke, og leggje delane til andre kommunar eller fylke.

Departementet føreslår at § 3 andre ledd skal lyde:

Deling inneber:

- a) at ein kommune eller eit fylke blir delt i to eller fleire einingar, *eller*
- b) *at ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.*

Ingen av høyringsinstansane har uttalt seg mot framlegga til ei nærare regulering av prosessen der ein kommune eller fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke. Ved at denne prosessen blir tatt inn i definisjonen av ”deling”, vil alle føresegnene om deling gjelde der ein kommune eller fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke. Såleis vil fullmakt til å ta avgjerd om deling der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke, bli den same som før deling. Ved at føresegnene om deling òg skal gjelde der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke, vil reglane i kapittel IV og V om gjennomføring av det økonomiske oppgjeret gjelde tilsvarande.

Departementet held fast ved framlegga i høyringsnotatet, men vil ikkje bruke nemninga ”splittspleising” om prosessen der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.

5 Avgjerdsrett ved endring av fylkesgrenser

5.1 Gjeldande rett

Etter inndelingslova § 6 kan Kongen gjere vedtak om grensejusteringar, men saker som får følgjer for fleire innbyggjarar enn dei som står bak kvart stortingsmandat i fylket, skal leggjast fram for Stortinget til avgjerd. Kongen sin kompetanse etter § 6 er delegert til Kommunal- og regionaldepartementet, jf. kgl. res. 18. januar 2007 nr. 47. Det går fram av Ot. prp. nr. 41 (2000-2001) at tanken bak føresegna er at Kongen ikkje skal kunne påverke samansetjinga i Stortinget. Då inndelingslova blei vedteke i 2001 var det ingen lovfesta kriterium for fordeling av stortingsmandat. Etter at ei ny vallov blei vedteke i 2002, samstundes som det blei gjort endringar i Grunnlova, er det no klare utrekningar som fastset den fylkesvise fordelinga av mandatar til Stortinget, basert på innbyggjartal og areal i fylka. I Innst. O. nr. 86 (2000-2001) og Ot. prp. nr. 41 (2000-2001) går det fram at lova ikkje er til hinder for at regjeringa etter eiga ønskje legg saker om grensejustering fram for Stortinget, sjølv om Kongen etter lova har mynde til å treffe vedtak.

5.2 Høyringsnotatet

Det følgjer av framlegget i høyringsnotatet at Kongen skal kunne flytte inntil éin kommune til eit anna fylke. Dersom grensejusteringa gjeld meir enn éin kommune skal saka leggjast fram for Stortinget.

I notatet skreiv departementet at ein ved vurderinga av kven som bør ha avgjerdsrett ved endring av fylkesgrenser, må balansere dei saker som påverkar mandatfordelinga, mot ei praktisk og høveleg fordeling av avgjerdsrett mellom Stortinget og Kongen. Det blei trekt fram at det er viktig å leggje til rette for smidige og oversiktlege prosessar i samband med eventuelle grenseendringar på tvers av fylkesgrenser. I dag legg inndelingslova til rette for at fylkesgrensa kan endrast i samband med kommunesamanslåing, og departementet meiner dette bør førast vidare. I notatet blei det peika på at Kongen bør kunne avgjere mindre saker om endring av fylkesgrenser. Departementet trekte òg fram at relativt små endringar i fylkesgrensa kan påverke mandatfordelinga. Spørsmålet blir om endringar i fylkestilknyttinga til éin kommune er noko som bør avgjerast av departementet eller av Stortinget. Dersom det er snakk om ei endring av fylkesgrensa som omfattar meir

enn éin kommune, skal Stortinget ta avgjerda. Departementet skreiv vidare at det er viktig å ta høgd for at systemet med omrekning av mandatfordelinga kvart åttande år er laga for å ta omsyn til endringane i innbyggjartalet i dei ulike fylka. Det er vanskeleg å seie på førehand kva utfallet av mandatfordelinga (kvart åttande år) og valoppgjæret (kvart fjerde år) blir. Framlegget i høyringsnotatet forenkler føresegna om avgjerdsmynde ved endring av fylkesgrenser ved at tilknytninga til mandatfordelinga blir brote.

5.3 Høyringa

Ingen høyringsinstansar har uttala seg mot framlegget om at Kongen skal kunne flytte inntil éin kommune til eit anna fylke, uansett arealet eller talet på innbyggjarar.

5.4 Framlegget frå departementet

Det er ingen høyringsinstansar som går mot framlegget.

Ved framlegget om at Kongen skal kunne flytte inntil éin kommune til eit anna fylke, uansett arealet eller talet på innbyggjarar, legg departementet vekt på å ha ein klar og føreseieleg regel om kva statsmakt som har avgjerdsmynde i slike saker. Stortinget skal gjere vedtak når to eller fleire kommunar endrar fylkestilknytning. Departementet vil peike på at regjeringa kan sende ei sak til Stortinget også om departementet kunne ha teke avgjerda sjølv, til dømes dersom saka er av eit slikt omfang at utfallet kan vere av nasjonal interesse, sjølv om det gjeld berre éin kommune. Departementet held fast ved framlegget i høyringsnotatet.

6 Nokre spørsmål om økonomiarbeidet før samanslåing og før ein kommune eller fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke

6.1 Gjeldande rett

Lovlegkontroll

Etter gjeldande rett skal Fylkesmannen gjere lovlegkontroll av budsjettvedtak når ei utgreiing om samanslåing er sett i gang, jf. inndelingslova § 28. Kommunelova blei endra med verknad frå 1. januar 2001 slik at kontroll med kommunebudsjetta berre skal skje på særlege vilkår, jf. kommu-

nelova § 60. Ved lovlegkontroll er det dermed ein skilnad mellom kommunelova og inndelingslova.

I forarbeida til inndelingslova (Ot.prp. nr. 41 (2000–2001)) blei det peika på at erfaringar viser at særleg investeringar har ein tendens til å auke sterkt før vedtak om samanslåing blir sette i verk. Statleg kontroll i tida før ei samanslåing kan òg hindre at den nye kommunen får handlingsfridomen sin svekt som følgje av overinvesteringar i samanslåingskommunane før iverksetjinga.

Oppgåvene til fellesnemnda når det gjeld økonomiplanen

Inndelingslova § 26 seier i dag at det ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar skal opprettast ei fellesnemnd til å samordne og førebu samanslåinga. Føresegna slår mellom anna fast at fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk. Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som alle kommunestyra eller fylkestinga må vedta.

Kommunane kan gje fellesnemnda relativt vide fullmakter. Grunnlaget er då til stades for at fellesnemnda kan bli eit effektivt organ som kan gjere naudsynte vedtak på vegner av den nye kommunen i fasen mellom vedtaket om samanslåing og tidspunktet for iverksetjinga. Kommunane bør sjølv avgjere kva oppgåver nemnda skal ha. For å unngå at ei eventuell usemje skal lamme arbeidet, opnar lova for at kvar av kommunane eller fylkeskommunane kan bringe usemja inn for departementet, sjå § 26 fjerde ledd.

Fellesnemnda skal ikkje ha innverknad på drifta i dei eksisterande kommunane. Det er dei valde kommunestyra i dei einskilde kommunane som er ansvarlege for den daglege drifta i kommunane så lenge kommunane er sjølvstendige einingar. Reglane om lovlegkontroll i kommunelova § 59 gjeld òg for avgjerder som er tekne i fellesnemnda.

6.2 Høyringsnotatet

Etter kommunelova skal kommunestyret eller fylkestinget kvart år vedta ein rullerande økonomiplan for dei neste fire åra. Inndelingslova seier ikkje noko eksplisitt om kva ansvar fellesnemnda har for arbeidet med ein felles økonomiplan. Departementet skreiv i høyringsnotatet at det er rimeleg at fellesnemnda òg tek hand om det førebuande arbeidet med å rullere økonomiplanen, på same vis som med budsjettet, i det siste året før

samanslåinga. Departementet føreslo vidare å endre lova slik at staten *kan* kontrollere budsjettet medan samanslåinga blir greidd ut, i motsetnad til dagens krav om at staten *skal* kontrollere budsjettet. Framlegget om lovlegkontroll etter skjønn er i notatet grunngjeve med at det ikkje er naudsynt å føre kontroll i kvart tilfelle og i heile perioden mellom utgreiinga og gjennomføringa. Praksis hos Fylkesmannen tyder òg på at lovlegkontroll av budsjetta blir gjennomført i varierende grad ut frå ei skjønnsvurdering av behovet for kontroll. Framlegget vil difor berre stadfeste praksis. Tilfella der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei enskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke, kan reise mange av dei same spørsmåla som ei samanslåing. Departementet foreslo difor at framlegga òg skal gjelde i desse tilfella.

6.3 Høyringa

Ingen av høyringsinstansane har uttalt seg mot desse framlegga.

Til framlegget om at fellesnemnda skal førebu arbeidet med den fireårige økonomiplanen, har høyringsinstansane peika på at det vil fremje eit langsiktig perspektiv og gje ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventta utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden.

6.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til vurderingane i høyringsnotatet når det gjeld behovet for å samordne delar av regelverket for samanslåingar med dei generelle økonomiføresegnene i kommunelova. Til framlegget om å endre § 28 om lovlegkontroll, vil departementet trekkje fram at det er tilstrekkeleg at departementet *kan* føre kontroll med budsjetta. Departementet viser til at ingen høyringsinstansar har gått mot framlegga og held fast ved framlegga i høyringsnotatet.

7 Val av revisor og sekretariatsmodell for kontrollutvalet

7.1 Gjeldande rett

Etter kommunelova vel kommunestyret eller fylkestinget sjølv revisjonsordning. Kommunelova § 78 nr. 3 seier at kommunestyret eller fylkestinget sjølv avgjer om kommunen eller fylkeskommunen skal tilsetje eigne revisorar, delta i eit interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå

avtale med ein annan revisor. Kontrollutvalet skal innstille til kommunestyret eller fylkestinget om val av revisjonsordning og val av revisor, jf. kommunelova § 78 nr. 3 og nr. 4. Kommunelova § 77 nr. 10 pålegg kommunestyret og fylkestinget å sørge for sekretærbistand til kontrollutvalet.

Etter inndelingslova § 26 kan fellesnemnda ved samanslåing få delegert myndigheit til å tilsetje eigen revisor. Denne kompetansen kunne kommunestyret eller fylkestinget elles ikkje ha delegert. Det gjer at den nye kommunen kan ha tilsett revisor frå dag éin.

Etter inndelingslova kan ikkje fellesnemnda velje kva revisjonsmodell den nye kommunen eller fylkeskommunen skal ha.

7.2 Høyringsnotatet

Departementet føreslo i høyringsnotatet at tilsetjing av revisor skal skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Vidare blei det føreslått at fellesnemnda kan få delegert myndigheit til å føre vidare deltaking i eit interkommunalt samarbeid om revisjon eller ein avtale med ein annan revisor. Det same blei føreslått å gjelde for kontrollutvalssekretariatet. Vedtaket i nemnda om å føre vidare deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller avtale med ein annan revisor, og fullmakt til å føre vidare ein avtale om sekretariat for kontrollutvalet skal skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Departementet la i høyringsnotatet til grunn at dersom dei opphavlege kommunane eller fylkeskommunane har nytta same revisor og hatt same sekretariat for kontrollutvalet, skal dette først vidare.

7.3 Høyringa

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) peikar på at det er uheldig at det same organet fremjar budsjettframlegg og vel revisor, og tilrår å ta inn ei føresegn om at kommunestyret året etter konstitueringa må vedta revisjonsordning og velje revisor etter dei vanlege føresegnene i kommunelova.

7.4 Framlegget frå departementet

Departementet peikar på at framlegget frå *NKRF* ikkje er høyrte, og at departementet ikkje kan sjå at det er eit problem at fellesnemnda både førebur budsjettet og vel revisjonsordning. Kommunelova seier at kontrollutvalet skal innstille til kommunestyret eller fylkestinget om val av revisjonsordning og val av revisor, jf. § 78 nr. 3 og nr. 4. Departementet meiner at kontrollutvalet i dei opphav-

lege kommunane og fylkeskommunane bør innstille til fellesnemnda før desse avgjerdene blir tekne. Dette inneber at det er kontrollutvala som førebur saka for fellesnemnda. Kvart kontrollutval gjev si innstilling. Fellesnemnda kan med andre ord ta avgjerda på grunnlag av motstridande innstillingar. Sjølv om det ikkje er eit krav i kommunelova, legg departementet òg opp til at kontrollutvala ved samanslåing skal innstille til fellesnemnda om val av sekretariat for kontrollutvalet. Departementet meiner det er viktig at den nye kommunen kan ha organiseringa av revisjonen og kontrollutvalssekretariatet klarlagd frå dag éin. Departementet held fast ved framlegga i høyringsnotatet om at nemnda kan få delegert fullmakt til å føre vidare anten deltaking i eit interkommunalt samarbeid om revisjon eller ein avtale med ein annan revisor. Det same bør gjelde for kontrollutvalssekretariatet. Departementet held òg fast ved framlegget om at avgjerda i nemnda om å føre vidare deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller ein avtale med ein annan revisor, og fullmakt til å føre vidare ein avtale om sekretariat for kontrollutvalet, skal skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala.

8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet vurderer det slik at ingen av framlegga om ei nærare regulering av prosessen der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke (og den opphavlege kommunen eller fylket sluttar å eksistere), kjem til å få økonomiske og administrative konsekvensar for kommunane, fylkeskommunane, Fylkesmannen eller staten elles.

Framlegget om ein klar regel om kva statsmakt som har rett til å ta avgjerder om grensejustering langs fylkesgrenser, vil heller ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

Det same gjeld framlegget om at fellesnemnda òg skal førebu den fireårige økonomiplanen for det første året etter samanslåinga, og framlegget om at det *kan* gjerast lovlegkontroll av budsjetta medan samanslåinga blir greidd ut.

Heller ikkje framlegget om ei nærare regulering av valet av revisor, revisjonsordning og sekretariat for kontrollutvalet ved samanslåing og der ein kommune eller eit fylke blir delt og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke, kjem til å få økonomiske og administrative konsekvensar for kommunane, fylkeskommunane, Fylkesmannen eller staten elles.

Slik framlegga er utforma, vil regelverket bli enklare og meir oversiktleig for alle som skal bruke føresegnene. Klarare reglar vil vere ein føremon for kommunar og fylkeskommunar som vurderer grenseendringar, og på det viset kan framlegga vere med på "å skape formålstenlege einingar som kan gje innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning", jf. inndelingslova § 1.

9 Merknader til dei einskilde føresegnene

Merknader til inndelingslova

Til § 2

Overskrifta blir endra frå "virkeområde" til "verkeområde". Endringa er berre ei språkleg retting.

Til § 3 andre ledd

Føresegna får ein ny bokstav b, slik at definisjonen av "deling" òg omfattar prosessen der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke. Føresegnene som gjeld for "deling" vil dermed òg gjelde for desse tilfella.

Sjå bakgrunnen for føresegna i kapittel 4.

Til § 5

Ved at definisjonen av "deling" i § 3 blir endra til òg å omfatte prosessen der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke, blir myndigheita til å ta avgjerd om deling i desse tilfella den same som der ein kommune eller fylke blir delt i to eller fleire nye einingar. Dette er òg bakgrunnen for at "to eller fleire nye einingar" blir teke bort frå lovteksten i *første punktum*. Stortinget skal framleis gjere vedtak når deling av eit fylke inneber to eller fleire nye fylke (jf. § 3 andre ledd bokstav a), men òg når delinga inneber at dei einskilde delane blir lagde til andre fylke (jf. § 3 andre ledd bokstav b).

"Eller kommunane" er føyd til i *andre punktum* for å fange opp at føresegna no òg omfattar prosessen der ein kommune blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar. Dersom Kongen skal kunne gjere vedtak i desse tilfella, må alle kommunar saka gjeld ha slutta seg til forslaget.

I *tredje punktum* er det presisert at dersom éin kommune har uttalt seg mot deling, skal saka leggjast fram for Stortinget for avgjerd. Presiseringa

blir gjort fordi føresegna òg skal gjelde for deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b. I desse tilfella er det nok at minst éin kommune uttalar seg mot deling for at saka må leggjast fram for Stortinget for avgjerd.

Til § 6

Føresegna fastset at Kongen skal kunne flytte inn til éin kommune til eit anna fylke, utan omsyn til innbyggjartal og areal. Dersom grensejusteringa gjeld meir enn éin kommune, må Stortinget ta avgjerd om overføring til nytt fylke. Føresegna hindrar ikkje at regjeringa kan sende ei sak til Stortinget også om regjeringa kunne ha teke avgjerda sjølv. Regjeringa skal leggje fram for Stortinget saker til avgjerd når det er spørsmål om endra fylkestilknytning for to eller fleire kommunar, også der Kongen tilrår å avslå søknaden.

Sjå bakgrunnen for føresegna i kapittel 5.

Til § 12 første og andre ledd

I *første ledd* blir ”lagt” endra til ”lagde”. Endringa er berre ei språkleg retting. ”Eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b” er føydd til i føresegna.

I *andre ledd* er ”eller deling” føydd til i føresegna. ”Eller kommunane” er føydd til i føresegna for å fange opp at føresegna no òg omfattar prosessen der ein kommune blir delt, og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar. Det inneber at det blir to eller fleire kommunestyre som må gjere vedtak i medhald av denne føresegna når deling skal skje etter § 3 andre ledd bokstav b.

Til § 15 første ledd, første punktum:

Overskrifta er endra til ”Økonomisk kompensasjon”. Endringa er berre ei forenkling.

”Og deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b” er føydd til i føresegna. Dette inneber at eingongskostnader som er direkte knytte til prosessen med deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, skal kompensast på line med alminnelige samanslåingar. Omgrepet ”samanslåingsprosessen” er erstatta med ”desse prosessane”. Dette for å fange opp at både prosessen med samanslåing og prosessen med deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal gje grunnlag for kompensasjon etter føresegna.

Til § 17 andre ledd bokstav a

I *andre ledd* blir ”lovpålagt” endra til ”lovpålagde”. Endringa er berre ei språkleg retting.

Til § 20

Endringane er berre redaksjonelle.

Til § 23 første ledd

I *første ledd* er ”såfram” endra til ”så fram”. Endringa er berre ei språkleg retting.

Til § 25

Endringane i føresegna er gjorde for å fange opp prosessen der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.

Ordet ”revisoreining” er bytt ut med ordet ”revisor”. Endringa er berre redaksjonell for å bringe ordvalet i samsvar med kommunelova § 78 nr. 4 første punktum.

Sjå bakgrunnen for føresegna i kapittel 4.

Til § 26 første ledd første punktum

I *første ledd* er ”og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b” og ”eller delinga” føydd til. Føresegna seier at ei fellesnemnd skal opprettast ved prosessen der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar eller fylke på same måte som ved samanslåing. Kommunen eller fylkeskommunen som skal slutte å eksistere, kjem dermed til å velje representantar til minst to fellesnemnder. Det kommunestyret eller fylkestinget som skal slutte å eksistere, kan velje dei same personane til begge fellesnemndene.

Til § 26 tredje ledd

I *tredje ledd* er ”med økonomiplanen og”, ”eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b” og ”økonomiplanen” føydd til. ”Virkeperiode” er erstatta med ”verkeperiode”. Fellesnemnda får myndigheit til å ta hand om det førebuande arbeidet med å rullere økonomiplanen, på same vis som med budsjettet, i det siste året før samanslåinga eller der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.

Til § 26 femte ledd

Femte ledd andre punktum blir endra frå ” Dette gjeld også kommunestyret/fylkestinget si fullmakt til å tilsetje administrasjonssjef og revisor ” til ” Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. ” Endringa er berre redaksjonell.

Etter *tredje punktum* skal tilsetjing av revisor skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Fellesnemnda kan etter *fjerde punktum* få delegert myndigheit til å føre vidare deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller føre vidare ein avtale med ein annan revisor. Slike vedtak skal skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala.

Sjå bakgrunnen for føresegna i kapittel 7.

Til § 27

Etter *første ledd første punktum* blir føresegna om konstituering av nytt kommunestyre eller fylkesting gjort gjeldande for prosessen der ein kom-

mune eller eit fylke blir delt, og dei ein-skilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.

” Eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b ” er føydd til i *andre ledd*.

Til § 28

Medan samanslåing blir greidd ut, kan staten kontrollere budsjettet etter ei skjønsmessig vurdering av behovet for kontroll. Staten kan òg kontrollere budsjettet medan det blir greidd ut om ein kommune eller eit fylke skal bli delt, og dei ein-skilde delane skal bli lagde til andre kommunar eller fylke.

Kommunal- og regionaldepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i inndelingslova.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i inndelingslova i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i inndelingslova

I

I lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser skal desse endringane gjerast:

Overskrifta til § 2 skal lyde:

Verkeområde

§ 3 andre ledd skal lyde:

Deling inneber

- a) at ein kommune eller eit fylke blir delt i to eller fleire nye einingar, *eller*
- b) at ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei *einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.*

§ 5 skal lyde:

§ 5 *Vedtak om deling*

Stortinget gjer vedtak om deling av eit fylke. Kongen gjer vedtak om deling av ein kommune når kommunen *eller kommunane* saka gjeld har slutta seg til forslaget. Dersom *éin kommune* har uttalt seg mot deling, skal saka leggjast fram for Stortinget for avgjerd.

§ 6 skal lyde:

§ 6 *Vedtak om grensejustering*

Kongen gjer vedtak om justering av grenser mellom kommunar og mellom fylke. Dersom grensejustering mellom fylke *gjeld meir enn éin kommune*, skal saka leggjast fram for Stortinget til avgjerd.

§ 12 første og andre ledd skal lyde:

Når det med verknad frå byrjinga av eit kalenderår er gjennomført samanslåing av to eller fleire kommunar *eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b*, blir alle skattepliktige i eit distrikt som tidlegare har danna ein sjølvstendig kommune, ved den første likninga etter samanslåinga *eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b*, å ilikne kommuneskatt etter dei skattesatsane som i dette distriktet blei *lagde* til grunn ved fastsetjinga av forskot på skatt for vedkomande inntektsår. Dette gjeld likevel ikkje dersom

kommunestyret i vedkomande distrikt før samanslåinga *eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b*, har gjort vedtak om at det ved likninga skal nyttast andre skattesatsar, og slikt vedtak er godkjent av Fylkesmannen.

Før samanslåing *eller deling* som nemnt i første ledd blir sett i verk, skal kommunestyret i den nye kommunen eller kommunane gjere vedtak om kva skattesatsar som skal nyttast ved berekning av forskot på skatt for det komande inntektsåret for alle forskotspliktige skatteytarar i den nye kommunen. Vedtaket må gjerast innan den fristen som er fastsett av Fylkesmannen. Dersom fristen ikkje blir halden, skal Fylkesmannen avgjere kva for satsar som skal brukast.

§ 15 skal lyde:

§ 15 *Økonomisk kompensasjon*

Ved samanslåing av kommunar eller fylke *deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b*, gir staten delvis kompensasjon for eingongskostnader som er direkte knytte til *desse prosessane*. I ein overgangsperiode gir staten også kompensasjon for bortfall av rammetilskot.

§ 17 andre ledd andre punktum bokstav a skal lyde:

Unntak frå lov må knytast til følgjande forhold:

- a) reglar om *lovpålagde* organ i stat, fylkeskommune eller kommune

§ 20 første ledd og andre ledd første punktum skal lyde:

Blir ein kommune eller eit fylke delt, *jf. § 3 andre ledd*, skal § 19 første ledd tilsvarande gjelde forvaltningseigedom som fullt ut eller i svært stor grad tener eitt bestemt område.

Annan eigedom og andre plikter blir å fordele mellom dei kommunar eller fylkeskommunar områda blir *lagde* til.

§ 23 første ledd skal lyde:

Kommune eller fylkeskommune som er omfatta av grenseendring etter denne lova, kan innan eitt år etter at vedtaket er sett i verk, krevje at det økonomiske oppgjeret – eller delar av det – skal fastsetjast ved skjønn, *så fram*t par-

tane først har prøvd å kome til semje om eit økonomisk oppgjer.

Overskrifta til kapittel VI skal lyde:

Kapittel VI. Gjennomføring av vedtak om samanslåing og vedtak der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke

§ 25 skal lyde:

§ 25 *Felles kommunestyre- eller fylkestingsmøte*

Når det er gjort vedtak om samanslåing av to eller fleire kommunar eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, skal Fylkesmannen snarast mogleg kalle saman til eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra. Ved samanslåing eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, kallar departementet saman kommunestyra dersom kommunane ligg i ulike fylke. Ved samanslåing eller deling av fylke som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, kallar departementet saman fylkestinga. På slike fellesmøte skal følgjande saker drøftast:

- a) forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket
- b) talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget
- c) kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova
- d) val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e) oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

§ 26 første ledd første punktum skal lyde:

Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga eller delinga.

§ 26 tredje ledd skal lyde:

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuiande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.

§ 26 femte ledd skal lyde:

Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.

§ 27 skal lyde:

§ 27 *Konstituering av nytt kommunestyre eller fylkesting*

Når det er gjennomført val til kommunestyre eller fylkesting i løpet av september månad året før ei samanslåing eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, blir sett i verk, skal det nyvalte kommunestyret eller fylkestinget kallast saman til konstituerande møte innan utgangen av oktober månad. Leiaren av fellesnemnda kallar saman og leier møtet inntil ny ordførar er valt. Elles gjeld reglane i kommunelova § 17 nr. 1-3 om konstituerande møte o.a. i kommunestyre og fylkesting.

Funksjonsperioden for kommunestyra og fylkestinga i dei kommunane og fylkeskommunane som skal slåast saman, varer inntil tidspunktet for iverksetjing av samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b. Deira ansvar og fullmakter er likevel avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei eksisterande einingane.

§ 28 skal lyde:

§ 28 *Lovlegkontroll*

Departementet kan føre kontroll med lovlegheita av budsjettvedtaka i kommunar og fylkeskommunar når utgreiing om samanslåing eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i gang.

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset. Kongen kan setje i kraft dei einskilde føresegnene til ulik tid.



Tykk: AS O. Fredr. Aimesen. April 2013

241491